




Sunnfjord  
kommune

# Solsida barnehage avdeling Haugum

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	14	14	11
Barn over tre år	21	21	22
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	289	289	289
Arealutnytting kvm	178,5	178,5	169,5
Kapasitet arealplassar	64,2	64,2	64,2
Arealplassar i bruk	39,6	39,6	36,6
Ledige arealplassar	24,6	24,6	27,6

## Bemannning i årsverk

Bemannning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,0	0,0
Pedagogisk leiar	4,0	3,0
Barnehagelærar	0,0	1,0
Fagarbeidar	4,2	5,4
Assistent	0,0	0,0
Lærling	0,0	1,0
Snittalder		41,0

## Grunnbemannning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,8	6,0	4,8	5,9

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	13,0	13,5	11,0	12,3

## Økonomi (Felles Haugum og Toene)

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	12 448 077	14 228 618	14 107 439	16 629 705
Budsjett	13 382 247	14 352 640	13 949 102	16 722 998
Kostnad per heiltidsplass	136 045	165 449	182 502	208 916

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Førde barneskule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum
Bustad og næring	Solsida avdeling Haugum er ein sentrumsbarnehage, og det er utvikling både innanfor bustad og næringslivet i Førde.

## Bygningsmasse

Byggeår	1979, totalrenovering i 2015.
Areal	585 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	289 kvm
Uteareal	2 278 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	2,3 km
Avstand til Solsida barnehage avdeling Toene	4 km
Avstand til Prestebakken barnehage	4 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Det er høg kompetanse i personalgruppa, og fleire barnehagelærarar har vidareutdanning
- Barnehagen er god på å legge til rette for fleirspråklege barn, og dei tilsette har mykje kunnskap i høve barn frå ulike nasjonar og kulturar
- Barnehagen er gode til å sjå kva barnegruppa treng, og tilpassar aktivitetar og pedagogisk tilbod etter dette
- Barnehagen er gode til å sjå einskildbarn, og jobbar mykje med språkstimulering, COS-sirkelen, det å høyre til, inkludering og sosial kompetanse
- Vi er gode på å oppdatere kvarandre, og dei tilsette får innverke på det pedagogiske arbeidet. Dette ansvarleggjer dei tilsette, og alle får utfordringar ein kjenner seg komfortable med

#### Forbetningsområder

- Høgare digital kompetanse, og fleire hjelpemiddel som kan nyttast i det pedagogiske arbeidet

- Auka grunnbemanning. For å kunne dele inn i mindre grupper, for å kunne jobbe målretta med tidleg innsats og for å vere mindre sårbare ved fråvær i personalgruppa
- Meir kompetanseheving

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Inndeling etter alder 1-3 år og 3-5 år fungerer godt
- Vi har pedagogar på alle avdelingane
- Uteområde er stort og flott, med god plass. Terrenget er kuppert, og barna får motoriske utfordringar

### Forbetningsområder

- Behov for nokre tiltak på uteområde, både i høve vedlikehald og i høve utbetrinjar

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Å ha barnehage i nærmiljøet gjer område attraktivt for barnefamiliar
- Barnehagen ligg i gå-avstand til der barna bur
- Barnehagen er eit samlingspunkt også utanom barnehagen si opningstid

### Forbetningsområder

- Dersom grendelaget er interessert kan ein saman utvikle leikeplassen, og ruste opp området med gapahuk/klatretau på Kletten

## Andre innspel

- Viktig at ein tenkjer kvalitet i barnehagen og prioriterer tidleg innsats
- Auka grunnbemanning for å kunne ta vare på barna, og for å kunne stette alle krava ein har som tilsett i barnehage

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Solsida barnehage avdeling Haugum følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overfullheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei oppgradert i 2015. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen nokre fasilitetar for tilsette, mellom anna er det ikkje optimale kontorplassar og møterom. I tillegg kjem arealet knytt til barn og nokre fasilitetar som ikkje er optimale, mellom anna allrom og grovgarderobe. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eventuelt er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt frå heim eller arbeidsplass. I tillegg er ein avhengig av at familiar søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).